



Kommunedirektøren sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan 2023- 2026

Kommunedirektør Kjetil Aga Gjøsæter

7. november 2022

Årsbudsjett og økonomiplan som arbeidsdokument

Balanse mellom tenesteproduksjon og økonomiforvaltning

- **Kommunen skal legge til rette for å kunne utføre sine oppgaver på best mulig måte.**

- Kommuneleva §1-1 (2); «yte tjenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne»

Balansert mot at

- **Kommunen til ei kvar tid skal ivareta behovet for eit nødvendig økonomisk handlingsrom på kort og lang sikt.**

- Kommuneleva §14-1 (1); «forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid»

For å sikre eit slikt handlingsrom har kommunelovutvalet peika på at kommunen må ha nøye prioriteringar, jamleg oppfølging av budsjett, eigenfinansiering av investeringar, planmessig vedlikehold av eigedom og fornuftig handtering av risiko.



Økonomiplan og årsbudsjett

Krav til innhold

Kommunelova §14-4

- vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp
- vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar
- vise utviklinga i kommunens økonomi og gjeld
- krav om at økonomiplan og årsbudsjett skal setjast opp i balanse.
- årsbudsjett og økonomiplan skal vere realistiske, fullstendige og oversiktlege.



Prosess

7. november– Kommunedirektøren sitt framlegg

24. november - handsaming i Formannskapet – innstilling

24. november – 11. desember, budsjettet ligg ute til off. ettersyn (min. 14 dagar)

12. desember - budsjettet blir vedteke i kommunestyret

Budsjettet er basert på rammer og føringar som ligg i Regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett som no skal handsamast i Stortinget.



Framsikt

System for budsjett
og
økonomiplanlegging

- System for heilskapleg økonomiplanlegging.
- No med heilårseffekt kva gjeld input og nytte
- Etter dette møtet – **digital tilgang** på kommunen si heimeside
- **Spørsmål og svar** i Framsikt fram mot vedtak i kommunestyret

Me håpar at systemet gir kommunestyret dei nødvendige verktøya til å vurdere konsekvensar av vurderingar og prioriteringar.

Finansielle måltal for Bømlo kommune

- *Krav i kommunelova av 2018*
- *Vedtak i kommunestyret 2019*

NØKKELTAL

MÅL

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene

Større enn 1,75%

(ca 18,8 mill)

Disposisjonsfond

Mellom 10-15% av driftsinntektene

(Pr no 43 mill)

Lån som skal dekkast av frie inntekter

Mindre enn 85% av driftsinntektene

(2022-85%)

Eitt år tilbake - budsjett og økonomiplan 2022-2025

Føresetnader

- **Inntektssida:**
 - Noko offensivt skatteanslag
 - Avgifter og gebyr endra i høve til prisvekst
 - Uendra eigedomsskatt
- **Kostnadssida:**
 - Prisjustering av driftskostnadane
 - Vesentleg kostnadsauke på barnevern og høge kostnader knytt til barnehage
 - Auke i stillingar innan helse og omsorg
 - Ingen vesentlege andre endringar av tenesteproduksjonen

Markerte framtidige utfordringar

- Sårbare i høve til å møte lovpålagde oppgåver og endringar i brukarbehov.
 - T.d integreringsfeltet, barnehage, barnevern og habilitering
- Endringar i demografi
 - Framtidig tvungen endring i tenestetilbodet
 - Vil føre til endring i kommunen sine prioriteringar for å sikra ein realistisk økonomiplan.

Me stilte spørsmål om krav til effektivisering og omstilling av dagens tenestetilbod er nok, eller om kommunen må gjennomføre meir strukturelle grep for å sikre eit berekraftig driftsnivå.



Kom utfordringane tidlegare enn det me forventar?

- Me traff med forventningane om dyrare drift knytt til barnevern, barnehage, integrering og habilitering.
 - Saman med kostnader til covid er dette hovudforklaringa for meirforbruket på drift i 2022.
 - Kostnadsveksten vil vekse inn mot 2023.
- I tillegg fekk me med verknad allereie for 2022;
 - **Kraftig** rentevekst
 - Forventa effekt på ca 20 million i 2023
 - **Kraftig** vekst i straumpris
 - Forventa effekt på 4-6 million i 2023
 - **Kraftig** vekst i kostnader til fastlegeordninga
 - Forventa effekt på 7-8 million i 2023

Underdekning på seksjon for oppvekst og helse gjennom heile året.

Underdekning på drift for 2.tertial på 40,7 million kroner.



Dei tilsette har levert svært godt i ein periode med mykje uvisse og fleire “kriser” som har krevd mykje av kommunen, som både tenesteytar og samfunnsutviklar.

Men med så stor grad av underdekning over tid er det ikkje balanse mellom tenestene og kommuneøkonomien.

Både nedtrekk og strukturendringar vil vere nødvendig for å sikre ein framtidig forsvarleg tenesteproduksjon og ein berekraftig økonomi for Bømlo kommune.



Investeringar

2023-2026

Investeringar 2023-2026

Generelt;

- Investeringane skal gjenspeile korleis «langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale- og regionale planer skal følges opp» jf kommunelova §14-4 (1).
- For å sikre at den «økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid» jf kommunelova §14-1 (1) må kommunen ta omsyn til dei **auka kapitalkostnadane** store investeringar inneber for drifta.

Bømlø i økonomiplanperioden;

- Netto lånegjeld på 920.753.000
- Renteutgifter budsjett 2022:
19.741.000
- Renteutgifter budsjett 2023:
39.987.000

Auka kapitalkostnadar på i overkant av 20 million med verknad for 2023. Ikkje venta å avta i økonomiplanperioden.

Renteutgiftene får verknad for driftsbudsjettet.

Nødvendig med vesentleg nedtrekk i investeringane til kommunen.

Investeringar i 2023-2026

Framlegg:

- Alle prosjekt som ikkje er starta vert suspendert/tatt ut av økonomiplanen.
- Mål om å avgrense nye låneopptak til summen av avdrag kommunen årleg betalar.
- Opprettheld investeringar i eigne bygg for å sikre eit planmessig godt vedlikehald.

Økonomisk verknad:

- Investeringar i vedtatt økonomiplan 2022-2025
 - **431 millionar**
- Investering i forslag til økonomiplan 2023-2026
 - **242 millionar**

Differanse/nedtrekk – kr
189 millionar i
økonomiplanperioden.



Sentrale prioriterte investeringer i første del av økonomiplanperioden

- Lokale til barne og familietenesta
- Fiskerihamn Hovlandshagen
- IKT skule
- Generell rehabilitering av kommunale bygg
- Oppgradering av kjøkken Bømlo bu- og helsesenter
- Oppgradering og vedlikehald kommunale vegar
- Trafikksikringstiltak





Ikkje prioriterte investeringar i økonomiplanen 2023-2026

- **Omsorgsbustadar Moster** – vesentleg redusert
- **Storlegesenter** – ute av økonomiplanperioden (jobbar med kompensierende tiltak)
- **Rehabilitering basseng** – ute av økonomiplanperioden
- **Arbeids- og aktivitetstilbod** – ute av økonomiplanperioden
- **Våge skule** – slutten av økonomiplanperioden
- **Skatepark** – slutten av økonomiplanperioden

- I tillegg til **mindre nedtrekk** (t.d jubileet 2024, kommunale kaiar etc).
- Ingen fleire nye prosjekt inn (t.d fleirbrukshall Våge)



Driftsbudsjett

2023-2026

Føresetnadar

- **Inntektssida:**

- Eit særst stramt statsbudsjett med anslag på 22 million i reduserte overføringar til kommunen
- Offensivt skatteanslag
- Avgifter og gebyr i hovudsak endra i høve til prisvekst
- Auke av eigedomsskatt til 3,2 promille (sats for 2021). Inntekter frå taksering av nærings- og fritidseigedom
- Havbruksinntekter (12 mill)

An aerial photograph of a coastal town built on a rocky hillside. The houses are mostly white with some red accents. A harbor in the foreground is filled with various boats, including a large white ferry named 'Rough Express' and several smaller sailboats and motorboats. The background shows more of the town and the surrounding rocky terrain under a clear sky.


Særleg om eigedomsskatt

- Bustader:
Skatteetaten sitt formuesgrunnlag
- Fritidseigedommar, næring og våningshus:
Nye takstar gjeldande for 2023
- Skattesats endra til 3,2 promille (frå 2,9 i 2022)
- Anslag inntekt 42 mill. kr i 2023



Føresetnadar

- **Kostnadssida:**
 - Prisjustering av driftskostnadane
 - Dei store ekstraordinære kostnadsdrivarane vil framleis vere barnevern, barnehage, integrering, habilitering og fastlege.
 - I tillegg til renter, straum og sosiale kostnadar.



Generelle utfordringar og usikkerheitsmoment 2023 – inntekts- og utgiftssida

Store usikkerheitsmoment;

- Utvikling prisnivå straum
 - Stabilisere seg på ca kr 2 pr kwh, det doble eller meir? Pris ved reforhandling av sikringsavtale?
- Utvikling prisnivå varer og tenester
- Utfall av endring av skattesystemet
 - Særleg grunnrenteskatt havbruk
 - Dagens løysing for havbruksfond (budsjettert med kr 12 mill for 2023)
- Verknad av nytt inntektssystem
- Verknad av eit generelt høgt kostnadsnivå – utgifter til sosialstønad med meir
- Mottak av flyktningar – inntekter, men kostnadar og praktisk gjennomføring av integrering.



Verknad av forslag til budsjett og økonomiplan 2023-2026

- Kommunen vil også i 2023 nytta havbruksmidlane til drift.
- Eit budsjett i **balanse** for 2023. Driftsoverskot seinare i planperioden.
- Forslag om endring av drift og tenesteproduksjon på nokre område for å sikra dette;
 - Nedtrekk av stillingar i administrasjonen
 - Delvis strukturendring skule
 - Delvis strukturendring helse
 - Nedtrekk i stilling på seksjon for samfunnsutvikling
 - Kyrkja same driftsramme som for 2022

Sentraladministrasjon – utfordring og prioritet

- Gjennomgang av alle lisensar og medlemskap
- Dialog med BKE om eideomar som framleiser i kommunalt eige.
- Utsett tilsetjing av HMS-rådgjevar til medio 2023.
- Stillingsreduksjon på Fellesekreteriat med 50%.
- Kyrkja – uendra tilskotsnivå som for 2022
- **Sikre vidare samarbeid med næringslivet**
 - Bømlo Næringsråd – kr 700 000 per år ut perioden for «næringsfond» (3 år)
- **Styrke kommunen som attraktiv arbeidsgjevar**
 - Revisjon av arbeidsgjevarpolitikk vedteke i 2020
 - Faste samlingar med leiarar på tvers for god organisasjonsutvikling
 - Systematisk arbeid med sjukefråver (HMS-stilling)
 - Utvide faggruppe kor me kan tilby læreplassar
 - Jobbe med Bu i Sunnhordland for styrka rekruttering
 - Støtte arbeidet med etablering av Velferdsklubb for tilsette

Sentraladministrasjon - Tilskot til lag og organisasjonar

- Kulturminnevern/museum
- Prisar
- Aktivitets- og driftsmidlar
- Frivilligsentralen
- Moster Amfi – indeksregulering av grunntilskot
- Reiseliv/Visit Sunnhordland


Ut over Moster amfi – beløp som i 2022.





Utfordringar – Oppvekst, kultur og idrett

- Barn og unge treng meir og tettare oppfølging etter pandemien og fleire familiar treng avlastning
- Nye lovkrav om tverrfagleg samordning, samhandling og førebygging (oppvekstreform)
- Stor auke i busetjing av flyktingar i 2022 og truleg høgt nivå i 2023
- Stor vekst i utgifter på barnehagefeltet
- Vekst i SFO som følge av gratis kjernetid
- Implementere nytt læreplanverk i grunnskulen, og skifte ut læremidlar

A group of five people are gathered in a meeting room. A woman in a black dress stands on the left, gesturing towards a large table filled with various dishes, including a large cake, salads, and bread. Four other people (three men and one woman) are seated around a table, looking towards the woman standing. The room has a large screen in the background and modern office chairs.

Oppvekst, kultur og idrett – kva vert prioritert?

- Hjelpeapparatet vert i stor grad skjerma frå kutt
- Finansiering av barnevernsområdet i tråd med behov frå tenesta
- Auke i tilskot til barnehagane i tråd med tal barn og nasjonal sats
- Styrke arbeidet med integrering
 - Bømlø vaksenopplæring
 - Grunnskule
 - Helse
- Vidareføre satsinga på skulebibliotek
- Styrka arbeidet med digitalisering

Oppvekst, kultur og idrett – kva vert føreslege redusert/ kva for tiltak får me ikkje implementert?

Strukturendringar:

- Leggje ned Foldrøy skule
- Flytte ungdomstrinnet frå Hillestveit til BUS

Reduksjon i stillingar i kulturskule

Kutt i aktivitetstilbod barn/unge

Kutt i midlar til utskifting av læremidlar i grunnskulen

Kutt i midlar til oppfølging av kulturminneplan

Ingen midlar avsett til planarbeid på kultur, idrett og frivilligheit

Ingen vidareføring av Fritidskortet

Ingen ekstra planleggingstid i SFO med tanke på ny rammeplan

Ingen styrking av avlastningstilbodet til barn/unge

Ingen reell budsjettering av utgifter til skuleskyss og fosterheimsplasserte barn i andre kommunar



Utfordringar – Helse, sosial og omsorg

- Ramme er føreslege redusert med kr 7,2 million.
- Tiltak for å tilpassa drift til økonomisk ramme vert sett i samanheng med ny kommunedelplan for HSO. Det betyr at tiltak vert gjort for å «rigga oss» om til å prioritera og styrka ressursar til rehabilitering, førebygging og tidleg innsats.
- Legetenesta har utfordringar med å gje alle innbyggjarane tilbod om fastlege. Fleire legar nærmar seg pensjonsalder. Rekruttering av nye legar er vanskeleg.
- Habiliteringa yt gode tenester og tilbod, men har over tid hatt vesentlege økonomiske utfordringar i høve budsjett.



Helse, sosial og omsorg— kva vert prioritert?

- Styrking av legetenesta knytta til aktuell vikarsituasjon 2023 og tiltak for å kommunal overtaking av drift av legekontor/Kystlegane. Elles andre målretta tiltak for å betre situasjonen i fastlegeordninga på Bømlo.
- Vidareføre tiltak i revidert budsjett for nye tiltak/brukarar i Habiliteringa.
- 40 % stilling for å oppretthalde dagtilbod psykisk helse 4 dagar i veka samt 50 % miljøterapeut psykisk helse.
- Styrking av budsjett for NAV knytt til auka kostnadar til økonomisk sosialhjelp, og ny ordning med barnetrygd utanfor økonomisk sosialhjelp.
- Så langt råd er, oppretthalda dagens tenestenivå i HSO.
- Tiltak er sett inn for å førebu ei styrking av tenester nedst på tenestetrappa (vri ressursar til meir tidleg innsats og førebyggjande tenester)

Helse, sosial og omsorg – kva vert føreslege redusert/kva for tiltak får me ikkje implementert?

- Fleire tiltak for reduksjon av kostnader Habiliteringa tilsvarande (3,0 mill. kr.)
- Tiltak for samordning og reduksjon ressursar natt tilsvarande (1,2 mill.kr.)
- Tiltak for omgjering drift institusjonsplassar (3,0 mill. kr):
Bømlo omsorgstun omgjort til omsorgsbustad pluss tilbod, som inkluderer dag/aktivitetstilbod. Langtidsplassar overført til ledige institusjonsplassar Bømlo bu og helsesenter (BBH).
Bømlo heimetenester og heimetenesta Langevåg samorganisert.

Dette er tiltak for prioritering av ressursar lågare på tenestetrappa, for å førebu ei framtid med fleire eldre og færre i arbeidsfør alder (berekraft/kompetanse) og for tilpassing til gjeldande økonomiske rammer.

Med heilårsverknad vil dette frigjera ressursar til førebyggjande tenester.

Helse, sosial og omsorg– kva vert føreslege redusert/kva for tiltak får me ikkje implementert?

Det er i 2023 budsjettet ikkje funne plass til styrka tiltak innan førebygging, rehabilitering og tidleg innsats som:

Styrking av ergo-
/fysioterapitenesta

Tilbod for
dagrehabilitering
(treningstilbod til yngre
som treng opptrening)

Gjeldsrådgjeving NAV

Psykolog vaksentenesta
retta mot rask psykisk
helsehjelp

Samfunnskontakt retta
mot frivillighet

Ressursar til styrking av
tilbod dagtilbod eldre


Styrka innsats
velferdsteknologi og
digitalisering

Vidareføring av
prosjektstilling
erfaringsmedarbeidar

Utfordringar – Samfunnsutvikling


- Auka behov for overordna arealplanlegging som kommuneplanar og områdeplanar, samt auka takt på rullering av planverk for å stetta regionale og nasjonale føringar.
- Teknisk drift overtek nye bygg, vegar og kaiar. Drift og vedlikehald av desse må implementerast. Spesielt vedlikehald av kaiar og bruer må planleggjast. Behov for nytt utstyr som gjer jobben meir effektivt.
- «Klima» er eit fagområde me treng meir kunnskap om framover.
- Høge straumutgifter over tid, vil stilla større krav til at bygga våre er energieffektive.
- Sikre god utnytting og godt vedlikehald av dei bygga me eig og driftar.



An aerial photograph of a coastal village. In the foreground, several colorful houses (red, white, yellow, and grey) are built on a small peninsula or dock extending into the water. The houses have gabled roofs and are surrounded by concrete walkways and small docks. Behind them, a road winds up a hillside covered in dense green forest. In the background, a large, rugged mountain range rises under a clear blue sky. The overall scene is a picturesque coastal town.

Samfunnsutvikling – kva vert prioritert?

- Ferdigstille rulleringa av kommuneplanen sin arealdel.
- Ta i bruk digitale verktøy og system i seksjonen. Verktøy for prosjektstyring og digitalisering av m.a. byggesak- og gardsarkiv vert viktig.
- Sikre god prosjektleiing og oppfølging av kommunen sine byggje- og anleggsprosjekt.
- Sikre drift og vedlikehald av kommunale vegar og bygg på dagens nivå.
- Arbeid med trafikktryggleikstiltak, spesielt langs kommunale vegar.
- God utnytting av eksisterande bygningsmasse, med tilrettelegging for sambruk og samhandling i og mellom dei ulike tenestene.



Samfunnsutvikling – kva vert føreslege redusert/kva for tiltak får me ikkje implementert?

Reguleringsplanar er ferdige for Nesevegen og parkeringsplassen i Salamonskogen, men det er ikkje sett av pengar til utbetringar eller gjennomføring av prosjekta

Oppgraderingar av kommunale bygg, for t.d. å bli meir energieffektive, lyt vente

Symjebassenget ved Hillestveit skule vert stengt

Større utbetringar på kommunale vegar, kaiar og bruer er det ikkje funne rom for

Rådgjevar for klima vert ikkje tilsett



Oppsummering Budsjett og økonomiplan 2023-2026

Tenestetilbodet, og måten dei tilsette leverer dette på i Bømlo kommune, er svært bra. Men det er ikkje balanse mellom grunndrifta og dei økonomiske føresetnadane til kommunen.

- Reduksjon av kommunen sine investeringar
- Endringar og delvis nedtrekk av tenestetilbodet
- Endringar i struktur for skule og helse...

er nødvendig for at kommunen skal kunne yta tenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane i eit lengre perspektiv.



Lukke til med
budsjettarbeidet!
